

Alver kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 10.08.2022
Vår ref.: 202213490-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 22/3059 - 22/56809

Sakshandsamar: Toralf Otnes,
22959527, toot@nve.no

NVE sin generelle uttale - Søknad om dispensasjon - Fjerning av grunne i sjø og etablering av flytebrygge med landgang - Gnr. 229 bnr. 9 - Alver kommune

Vi viser til brev datert 13.07.2022 med høyring av dispensasjonssøknad.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE prioriterer rettleiing og uttalar i arealplansaker, særleg kommuneplanar og større reguleringsplanar, og har ikkje kapasitet til å vurdere alle dispensasjonssøknader konkret. Vi har difor utarbeidd denne generelle rettleiinga for dispensasjonssaker, knytt til tiltak som kan være utsett for naturfare, og tiltak nær vassdrag og anlegg for energi.

NVE si generelle rettleiing

Om dispensasjon

Etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2, kan kommunen «*gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov*». Det kan ikkje gjevast dispensasjon dersom «*hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt*». De må vurdere konkret om vilkåra for dispensasjon etter pbl. § 19-2 er stetta, og om fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene.



Sikker byggegrunn ved bygge- og deletiltak

Kommunen må ikkje gi godkjenning til utbygging i fareområde, utan at tryggleiken er teken i vare. Dersom tiltaket kan være utsett for naturfare, som flaum og skred, skal kommunen sjå til at tiltakshavar dokumenterer at krava i pbl. § 28-1 og byggteknisk forskrift (TEK17) kap. 7, er stetta. Krav til tryggleik gjeld ved alle typar byggearbeid og deling jf. temarettleiinga frå Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) om Utbygging i fareområde kap. 2.7-2.9.

Å dispensere frå kravet til sikker byggegrunn i pbl. § 28-1 vil kunne auke faren for tap av/skade på menneskeliv eller skade på eigedom, noko som vil kunne innebære at omsynet bak føresegna blir sett til side, og at dispensasjon dermed ikkje kan gjevast. Dette er presisert i kap. 3.5 i rundskriv H-5/18. [Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling](#) frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD, no KDD).

Tiltak som ligger nær vassdrag

For tiltak nær vassdrag, må ein vurdere om omsynet til vassdrag og vassdragsverdiar er teke i vare. Det gjeld ei generell aktsemdsplikt for tiltak i vassdrag ([vassressurslova § 5](#)), som inneberer at ein kvar skal opptre med aktsemd for å unngå skade eller ulempe i vassdraget for allmenne eller private interesser.

Langs breidda av vassdrag med årsikker vassføring skal det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr ([vassressurslova § 11](#)).

Kommunen må også sjekke om vassdraget kan vere verna. [Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag](#) gjeld hovudelv, sideelver, større bekker, sjø og tjern og eit område på inntil 100 m breidde på sidene av desse. Tiltaket må ikkje komme i konflikt med vernegrnlag og verneverdiar for området, sjå [NVE sine nettsider for informasjon om vernegrnlaget](#).

Korleis ta omsyn til naturfare, vassdrag og anlegg for energi

Vi viser til vår [kartbaserte rettleiing for reguleringsplan](#), som også er relevant ved dispensasjon. Den vil leie dykk gjennom våre fagområde, og gi dykk verktøy og innspel for å ta i vare desse.

Sjå våre internettsider for arealplanlegging for yttrelegare informasjon om våre fagområde. Her er informasjonen og rettleiinga delt inn etter plannivå og bygge- og dispensasjonssak.

De kan ta kontakt med NVE dersom de treng konkret hjelp i saka.

Med helsing



Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Toralf Otnes
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Alver kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND